

## Møtereferat

Dato:

Emne:	Møtereferat for møte 07.10.2019. Detaljreguleringsplan for Meland kyrkjegard	
Til stades:	Meland kommune, administrasjonen: Martin Kulild (rådmann). Lennart Falkenberg-Arell (rådgjevar), Eirik Utne (kultursjef), Meland kommune, politisk: Øyvind Oddekalv (ordførar), Nils Marton Aadland (varaordførar) Hordaland fylkeskommune, Utval for kultur, idrett og regional utvikling (KIRU): Tor Andre Ljosland (leiar) og Kjell Håland (nestleiar) Hordaland fylkeskommune, administrasjonen (HFK): Eva Katrine Ritland Taule (kst. plansjef), Gunnbjørg Austrheim (seniorrådgjevar) og David J. Aasen Sandved (kst. fylkeskonservator)	
Forfall:		Sak: -2018/9625
Møtetid:	07.10.2019 kl.09:00-10:00	Møtestad:HFK møterom 1226, Fylkeshuset

**Møteleiar: Tor Andre Ljosland****Referent: Gunnbjørg Austrheim**

Møteleiar ønskte velkommen til dialogmøte for å diskutere plansaken: Detaljreguleringsplan Meland kyrkjegard som KIRU handsama 11. 09.2019. Administrasjonen ved Hordaland fylkeskommune har tilrådd motsegn og som KIRU samrøystes vedtok. Meland kommune handsama saka politisk 25. september 2019 og kommunen vil ikkje akseptere motsegna.

### Detaljreguleringsplan Meland kyrkjegard

KIRU v/leiar innleia møte med at KIRU er samde med at omlegging av Bjørnestadvegen er eit inngrep i kulturlandskapet, i konflikt med viktige kulturminneinteresser og bør takast ut av planen. Det vart understreka at det berre er ein liten del av planen ein er usamd i. KIRU meiner det er viktig å høyre på kva fylkeskonservatoren seier, og Meland kommune vart beden om å si kvifor ein ikkje ville imøtekomme forslaget frå kulturminnemynde.

Meland kommune stillar i møte spørsmål om kva som er kulturminneverdiane og kulturminnemynde sin heimel til å fremje motsegn. Samstundes peikar kommunen på dei høge kulturminneverdiane og viktige siktlinjer mellom Meland kyrkje med kyrkjegarden, mellomalderkyrkjegarden og restar av det gamle klyngetunet nær kyrkja. Kyrkjestaden er og ein viktig samlingsstad for kommunen som ved til dømes 17. mai, men og som innfallsport til turløypar. Kommunen vil leggje til rette for ein god gravferd og unngå konflikt med køyrande til dei eignedomane som ligg innafør kyrkja.

Fylkeskonservatoren v/HFK orienterte om at planen er i konflikt med regionale og nasjonale kulturminneinteresser. Kyrkjestaden på Meland ligg i dag som eit heilskapleg kulturmiljø, som spennar frå mellomalderkyrkjegarden til den listeførte Meland kyrkje og dei historiske omgjevnadane kring den. Det vart vist til vedtak i KIRU, der kravet er at omlegginga av Bjørnestadvegen vert tatt ut av planen:

**Saksprotokoll i Utval for kultur, idrett og regional utvikling - 11.09.2019**

**Vedtak:**

*1 .Utval for kultur, idrett og regional utvikling meiner forslaget til reguleringsplan for Meland kyrkjegard er i vesentleg konflikt med regionale og nasjonale kulturminneinteresser og fremjar motsegn til omlegging av Bjørnestadvegen. For at motsegn kan trekkast må omlegginga av Bjørnestadvegen takast ut av planen.*

I møte framsette Meland kommune ingen konkrete forslag til tiltak på korleis ein kan løyse konflikten med etablering av Bjørnestadvegen. Kommunen såg det som ikkje aktuelt å fjerne omlegging av Bjørnestadvegen.

**Konklusjon**

Møteleiar konkluderte med at reguleringsplanen kunne gjennomførast utan omlegging av Bjørnestadvegen. Det vart ikkje semje om planen i møte, men kommunen vil vurdere motsegna vidare før ei evt. mekling hjå Fylkesmannen.